

Kvardagsmesse med musikk

Kapellet, Domus Theologica



Kvardagsmesse


Kapellet, Domus Theologica

L: Liturg eller leiar, ML: Medliturg, K: Kyrkjelyd, **A: Alle**

Samling

Inngangssalme. *Alle står.*

Inngangssord



L I namnet til den treei-ni-ge Gud: vår Skapar, Frigjer-ar og livgjevar. *K* Amen.

eller



L I namnet til Faderen og Sonen og Den heilage ande. *K* Amen.

Kyrie



F/A Ky - ri - e e - le - i - son. F/A Kris - te e - lei - son.



F Ky - ri - e e - le - i - son. A Ky - ri - e e - le - i - son.

Ordet

L eller ML les evangelieteksten for søndagen som kjem (*Kyrkjelyden står*)

L eller ML: Preike, eller stille

Forbøn

L eller ML leiar:

Enten

Fritt vald forbøn med høve til lystenning og bøn, høgt eller stille

eller

Fredslitaniet (fritt etter S13 982.2) (*L eller ML les eller syng*)



ML/L: Lat oss be i fred til Herren.



L: Om fred frå det høge og frelse for vår sjel, lat oss be til Herren.

A: Herre, miskunna deg.

L: For heile Guds folk, for alle tenarane i kyrkja vår, for prestane våre og biskopen vår,
lat oss be til Herren.

A: Herre, miskunna deg.

L: For denne byen og for alle land og stader,
lat oss be til Herren.

A: Herre, miskunna deg.

L: For dette huset, for alle lærarar og studentar,
lat oss be til Herren


A: Herre, miskunna deg

L: For skaparverket, om tenleg vêr og rikeleg grøde på jorda,
lat oss be til Herren.


A: Herre, miskunna deg.

L: Om fred mellom alle truande og folkeslag,
lat oss be til Herren

A: Herre, miskunna deg.



L: For sigeren, æra og makta tilhøyrer deg,
Fader, Son og Heilag ande, no og alltid og i all æve.



Nattverd

Salme før nattverden

Prefasjonsdialog (*kyrkjelyden står*)

L: Herren være med dykk.

K: Og med deg vere Herren.

L: Lyft dykkar hjarte.


K: Vi lyfter våre hjarte til Herren.

L: Lat oss takka Herren vår Gud.

K: Det er verdig og rett.

Prefasjon


L eller ML:




L: I sanning ver - dig og rett er det at vi alltid og alle sta - der tak - kar deg,




allmektige Gud, evi - ge Far, ved Jesus Kris - tus, vår Her - re, han som du




sende til frel - se for ver - da, for at vi ved hans død skulle få forlat - ing for




syndene og ved hans opp - stode vinna det e - vi - ge li - vet.



Ved han lovsyng eng - la - ne din herlegdom, og di kyrkje i himmelen



og på jor - da prisar namnet ditt med sam - røy - sta lov - song.



Med dei vil vi òg blanda vå - re røys - ter og til - be - dan - de syn - gja:
(eller ein annan av kyrkjeåret sine prefasjonar).

Sanctus

A: Heilag, heilag, heilag er Herren Sebaot.


All jorda er full av din herlegdom.

Hosianna i det høgste.


Velsigna vere han som kjem i Herrens namn.

Hosianna i det høgste.


Post sanctus:



L: Vi lo-var deg Gud, og takkar deg for Son din, Jesus Kris-tus. Ved Andens kraft vart han




fødd av Mari-a møy. Han levde under same kår som oss og enda sitt liv då han




strekte hendene ut på krosstreet. Slik gjor-de han døden til inkjes, braut vondskapens



lekkjer og openberra for oss oppstoda av lekamen. Difor minnest vi hans død og oppstode,




når vi kjem fram for deg med desse gå - ve - ne. Vi bed deg: Send din Heilage Ande




over dei, så dei for oss blir brødet til livet og begeret til frel-se.
(eller ei anna nattverdbøn).


Verba



Vår Herre Jesus Kristus, i den natta han vart sviken, tok han et brød, tak-ka, braut det, gav lære-




sveinane og sa: Ta imot og et! Dette er min kropp som blir gjeven for dykk. Gjer dette til



minne om meg. Li-ke eins tok han begeret et-ter måltidet, takka, gav dei og sa: Drikk al-le av



det. Dette begeret er den nye pakta i mitt blod som blir utrent for dykk så synde-ne blir til-



gjevne. Kvar gong de drikk av det, så gjer det til minne om meg.

A: Vår Far i himmelen



Vår Far i him-mel-en! Lat namn - et ditt hel - gast.



Lat ri-ket ditt ko - ma. Lat vil - jen din rå - da på jor - da



slik som i him-mel-en. Gjev oss i dag vårt dag - le - ge brød,



og til-gjev oss vår skuld, slik vi òg til-gjev vå-re skuld-nar-ar.



Og la oss ik-kje ko-ma i freist-ing men frels oss frå det von-de.



For rik - et er ditt, og makt-a og æ-ra i all æ - ve.



A - - - men.

Fredshelsing

L: Jesus seier: Fred etterlet eg dykk, mi fred gjev eg dykk. Guds fred vere med dykk.

K: Guds fred vere med deg.

L: Kom, for alt er ferdig.

Utdeling

Under utdelinga syng vi:

Agnus Dei

A: Du Guds lam som ber all verdsens synder, miskunne deg over oss

Du Guds lam som ber all verdsens synder, miskunne deg over oss

Du Guds lam som ber all verdsens synder, gjev oss din fred.

Takkebøn

L/ML: Vi takkar deg,. nådige Gud, du som gjennom brødet og vinen har gjeve oss del i Jesu Kristi sigerrike død og oppstode.

A: Styrk oss ved din Ande til vitnemål og teneste i verda.

eller

L /ML: Vi har tatt imot Jesus Kristus

A: Vara oss til evig tid. Amen.

Sending

Utgangssalme (*kan gå ut*) *Alle står.*

L/ML: Lat oss prisa Herren.

K: Gud vere lova. Halleluja. Halleluja. Halleluja.

L/ML: Herren velsigne deg og vare deg.

Herren late sitt andlet lyse over deg og være deg nådig.

Herren lyfte sitt åsyn på deg og gje deg fred. · ✠

A: Amen., amen, amen.

eller

L/ML: Ta imot velsigninga:

Herren velsigne deg og vare deg.

Herren late sitt andlet lyse over deg og være deg nådig.

Herren lyfte sitt åsyn på deg og gje deg fred. · ✠

A: Amen.

Utsending

L: Messa er til ende. Gå i fred.